



Kommunane i Sogn regionråd

## Høyring - overordna programplan for System for styrka læring

Den 25. februar 2014 handsama programstyret utkast til overordna programplan for System for styrka læring. Vi sender no framlegget ut på høyring til kommunane i Sogn.

Dette er eit overordna plandokument. Planen skisserer både bakgrunn og historikk i det regionale samarbeidet på skule- og barnehageområdet, samt hovudmål og dei seks programområda vi skal arbeide med i åra fram mot 2021.

Deltaking, medskaping og kommunalt eigarskap er ein føresetnad for at dette regionale utviklingsprogrammet kan klare å løyse utfordringane vi har fått frå kommunane. Både programstyret og programplanen er eit verktøy for kommunane i Sogn. Vi ber difor om at:

1. Kommunane drøftar utkastet saman med styrarar, rektorar og tillitsvalde.
2. Sjå spesifikt på samanheng mellom ståstadsanalysane i eigne organisasjonar, utviklingsplanane til skulane og barnehagane – og behov for felles tiltak regionalt.
3. Konkrete innspel til kvart av de seks programområda.

Neste steg i prosessen er at ei arbeidsgruppe frå programstyret samlast den 8. april for å samle innspela frå kommunane, og utarbeide konkrete utviklings- og handlingsplanar for dei seks programområda. Overordna plan vil saman med handlingsplan bli lagt fram for handsaming i Sogn regionråd 7. mai.

Vi vonar at de kan sende fråsegn innan fredag 4. april til [postmottak@sogndal.kommune.no](mailto:postmottak@sogndal.kommune.no)

Med helsing

Karina Nerland  
dagleg leiar  
(sign)

Claus Røynesdal  
programleiar  
(sign)

Vedlegg: Utkast til overordna programplan System for styrka læring, 10.03.2014